

vår mening

redaksjon@firdaposten.no

■ Firdaposten tar gjerne imot brev frå lesarane. Redaksjonen kan forkorte innlegg som er for lange. Alle innlegg skal vere underteikna med fullt namn. Vi ser helst at du sender innlegg via e-post til redaksjon@firdaposten.no



Redaktør

Svend Arne Vee

Firdaposten er ei partipolitisk uavhengig avis som kjem ut på kysten av fylket tysdag, torsdag og laurdag.



Firdaposten arbeider etter «Vær Varsom-plakaten». Den som meiner seg råka av urettmessig avisomtale, blir oppmoda om å kontakte redaktøren. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er eit klageorgan oppnemnt av Norsk Presseforbund. PFU har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå allmenta, og handsamar klager mot pressa i pressetiske spørsmål.

Prinsensgt. 1,
Postboks 46 Sentrum,
0101 OSLO.
Telefon: 22 40 50 40.
Fax: 22 40 50 55.

Spennande bygg frå «feil» adresse

Verksemda Havsterk held fram med å utvikle og lansere framtidens verkøy for oppdrettsnæringa. Det Steinvik Fiskefarm-eigde føretaket sjøsette sist veke ein heilt nyutvikla og topp moderne førmodul, stappfull av innovative løysingar og spennande teknologi. Om ikkje lenge vil det også bli sjøsett ein heilt ny oppdrettsbåt med både sikrare og meir miljøvenlege løysingar enn dagens fartøy.

I produktporteføljen til Havsterk finst det i dag to ulike typar førmodular, fem forskjellige variantar av dødfiskmodular som handterer avfall frå oppdrettsnæringa på ein god og effektiv måte, og snart også eit heilt nytt driftsfartøy.

At det er eit av dei små oppdrettselskapa som står bak nyskapingane, er interessant å registrere. Men innovasjon kostar, og det står att å sjå om næringa er villig til å betale noko ekstra for dei kom-

«Det kjem stadig innovative produkt frå Havsterk. Men det er trist at dei må byggest utanfor fylket.»

positt-baserte arbeidsverktøya, framfor dei konvensjonelle i stål. At driftskostnadene til komposittflåtane er lågare, er ikkje åleine nok til å få verksemdene til å tenkje meir miljøvenleg - men vi kryssar fingrane for Alex Vassbotten & Co. sine nye produkt.

Men det er eit skar i glæda i det som no skjer. Bygginga av dei nye flåtane og båtane finn stad hjå Mundal Båt i Alverstrømen. Ikkje eit vondt ord om driftige hordalendingar som ser potensialet i innovasjon, tvert om. Men Firdaposten veit

at Havsterk i fleire omgangar har prøvd å få realisert byggeprosjekta sine hos aktørar i verfts- og oppdrettsfylket Sogn og Fjordane, utan å lukkast med å få aktørar tilstrekkeleg interesserte. Det er betenkeleg i eit fylke som stadig snakkar om at vi må omstille oss og leve av innovasjon, om vi skal oppretthalde kompetansearbeidsplassar langs kysten.

Oppdrettsnæringa har definitivt sine utfordringar. Svaret på somme av desse utfordringane ligg i å utvikle nye teknologiske løysingar også med omsyn til miljøutfordringane. Det burde vere ei spennande oppgåve å gå laus på for maritim industri også i vårt fylke. Men då må ein våge å vere med på nybrottsarbeid.



di mening

INU-midlar til Flora kommune. Kvar kjem dei frå, og kva går dei til?

BENTE FROYEN STEINDAL
Ordførar Flora kommune.

Det har vore stilt ein del spørsmål i høve desse midlane, og eg vil difor komme med noko informasjon i saka. Flora kommune vart tildelt 2 mill. kr for 2010 av dei såkalla INU-midlane. INU står for: Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora. Fondstyret i INU, der ordførarane i dei tre berørte kommunane er med i styret, har vedteke å løyve 2 mill. kr til Flora kommune, 2 mill. til Førde og 1 mill. til Sogndal. Midlane er øyremerkte tettstadutvikling.

Same summene er lagt inn i budsjettet for 2011-2012-2013. I Flora kommune har vi tildelt midlane etter vurdering ut ifrå søknadar som er komne inn og som settar krava for tettstadmidlar. Det må sendast sluttrapport på kva vi har brukt midlane til, og følgjer vi ikkje krava som er stilte, vert dei tilbaketrekte. Eg er trygg på at vi har mange gode tiltak som er i gang, og som kan verte realiserte pga. desse midlane. Rapportering i høve tildelinga låg føre i formannskapet 26.10.10, sak 089/10. Av dei som har meldt tilbake etter eg sende melding om tildelinga og kriteria for utbetaling, kan eg liste opp fylgjande: Vidareføring av prosjektet Eventyrskogen ved Florø barne-

skole. Klubblokale Grovastøylen. Eikefjord Grendalag er i full sving med å få på plass treningsstudio. Florø Golfklubb bygger veg. Soldalen hestesenter rustar opp og vidareutviklar sitt konsept. Florevika Gjestebrygge utviklar båtbyen Florø. Jomentum vidarefører sitt prosjekt «Kjærlighet, musikk og paviljong». Kulturtårnet skal ferdigstillast. Alle tildelingane har vore samrøystes, også at vi har gjeve støtte til Grand Prix-arrangementet. Eg meiner det er eit prosjekt som har stor verdi for byen vår. Byakvariet, Sørstrand Folkepark, leikplassar og parkar er prosjekt som har prioritet i 2011. Desse midlane gjer òg til at vi kan kjøpe noko av kunsten som har pryda byen vår i jubileumsåret. Eg ynskjer alle gode krefter lukke til med sine prosjekt.

Eit arbeid å leve av – kvifor stykkevis og delt

SAMARBEIDSKOMITEEN SOGN OG FJORDANE AP/LO I SOGN OG FJORDANE
Leiar Nils P. Støyva

I mange år har fagrørsla teke til orde for å tilsette folk i heile faste stillingar. Sjølv om det har vorte ei viss forståing for dette, har det ikkje blitt vesentlege forbetringar. Fordelane med fast tilsetjing og heile stillingar er mange for både innbyggjarar, brukarar, arbeidsgjevarar og tilsette. Vi kan nemne betre kvalitet på tenestene, færre personar for brukarane å forhalde seg til, og større tryggleik i kvardagen for dei tilsette.



HERB: FISKEHISTORIE

Ved fleire heile stillingar får arbeidsgjevarane medarbeidarar med større tilknytning og sterkare ansvarskjensle for arbeidsplassen sin. Dei tilsette får også økonomisk tryggleik, forbetra pensjonsopptening, meir strukturert arbeids- og fritid, der den enkelte slepp stadig vere på jakt etter vakter. Det er også viktig å ha med seg at fleire heile stillingar er med på å fremje likestillinga i samfunnet.

Kommunal sektor har mange utfordringar i tida framover, og ei av dei største er å rekruttere arbeidskraft til pleie- og omsorgssektoren. Årsakene til dette er mange. Vi kan nemne: Låg løn, fysisk tungt arbeid, stressande

arbeidsmiljø og svært mange deltidstillingar.

Helse- og omsorgssektoren står fram som atypisk i forhold til dei fleste andre sektorar, ved at det er mange deltidstillingar. Deltidsarbeidet er både frivillig og ufrivillig. Omfanget er størst i typiske kvinneyrke som t.d. sjukepleiarar, hjelpepleiarar, helsefagarbeidarar og i andre yrkesgrupper som jobbar i turnus. Årsakene til at helse- og omsorgsyrika opererer med så mange deltidstillingar er m.a. dårleg kommuneøkonomi, låg grunnbemanning, ubekvem arbeidstid, organisering, turnusordningane og trong for eit visst tal personar for å fylle opp vaktene. I spesialisthelsetenesta

utfører 115 000 personar 98 000 årsverk, i kommune-helsetenesta utfører 152 000 personar 106 000 årsverk. Dette kan bety at det er ledig potensial av arbeidskraft på 63 000 årsverk. Arbeidsmiljølovas § 14-3 seier blant anna: *Deltidstilsette har fortrinnsrett til utvida stilling framfor at arbeidsgjevar foretar ny tilsetjing.* Det er eit paradoks at vi i 2010 skal ha slike diskriminerande tilhøve å slite med. Skal vi klare å rekruttere ungdom til desse flotte yrka, må det vere både 100 % stillingar, fast tilsetjing, og vi må ha heve løna spesielt til dei lågast lønte.